



Overraskande på Sandakaien søndag: Ein seglbåt frå New Orleans! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Seglbåten Indian Summer frå New Orleans i Louisiana var i morgontimane søndag å finna ved Sandakaien i Uskedalen, Norway. Det er ikkje kvardagskost i bygda vår å ha skipsvitjingar frå den verdsberømte jazzbyen i Statane. Men Indian Summer var ikkje her så mange timane, for ferda skulle gå vidare til Norheimsund.**

Her er forklåringa: Eigarane av båten er faktisk frå den "norske" staten Minnesota, men det norskætta paret Terry (61) og Marion (60) Solom har registrert båten ved næraste hamn. Og den må du til Gulfen for å finna. Ekteparet bur nesten ved den kanadiske grensa. Terry er sveisar av yrke og har sjølv sveisa saman Indian Summer. I 1993 var han ferdig med den jobben og så segla paret båten frå Minneapolis og heile den lange vegen ned til New Orleans. Det tok ein månad, men så lang er gigantelva Mississippi!

I resten av 1990-talet segla dei rundt i Gulfen og det karibiske området, men i 2000 vart det verkeleg ålvor: Då skulle ferda gå over Atlanteren og til landet som bestefaren til Marion og oldefaren til Terry kom ifrå. Dei var henholdsvis frå Norheimsund og Hønefoss. Ferda gikk fint, via Florida, Bermuda og Shetland.

Sidan har Indian Summer vore på denne sida av havet, med opphald eitt år i Norheimsund, eitt år på Shetland, to vintrar i Portugal, to vintrar i Irland og ein vinter i Spania. Kor lenge båten nå blir i Norheimsund veit ikkje Terry og Marion og dei har heller ikkje noko klart svar på spørsmålet om når den skal seglast over til Statane att. Kanskje blir den på denne sida av havet to år til.

For sin eigen del skal dei etter nokre dagar i Norheimsund vidare til slektsstemne på Hønefoss. Og så skal dei heimatt til jobben.

Indian Summer har vore innom Uskedalen to netter tidlegare. Også då var paret undervegs til Norheimsund. Og kvifor så stopp i Uskedalen? Fordi det er for langt å segla heilt inn til Norheimsund i eitt strekk og fordi det er så vakkert her....

- Ellers har eg også ei tilståing å koma med, seier Marion.
- Eg er halvt svensk, Men eg kjenner meg meir som norsk!

Av Ola Matti Mathisen